



Arkivnr: 2016/4130-8

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		05.09.2016
Yrkesopplæringsnemnda		06.09.2016
Utval for opplæring og helse		07.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016
Fylkestinget		04.10.2016

Rullering av skulebruksplanen 2017-2030**Samandrag**

I framlegg til verksemdsstrategi for Hordaland fylkeskommune er det ei hovudmålsetting at Hordaland fylkeskommune skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår. I samarbeid med kommunar, næringsliv og innbyggjarar skal Hordaland fylkeskommune levere effektive tenester, framtidsretta infrastruktur og rett kompetanse til innbyggjarane i fylket. Vi skal prioritere og setje tydelege mål for utvikling og tenester i fylket. Samstundes skal vi styrke økonomien til fylkeskommunen for å sikre gjennomføringsevne og berekraft.

For opplæringssektoren er dei overordna måla relatert til skulestruktur ved målsettingane om at opplæringssektoren skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov. Vidare skal opplæringssektoren utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering som svarar på behova i arbeids- og næringsliv. Strategiane for å nå måla er å styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering og å byggje ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling.

Hordaland fylkeskommune er i ein økonomisk situasjon der det er naudsynt å få ned gjeldsgraden gjennom auka betaling av avdrag. Opplæringssektoren må vere med å bidra ved å redusere sine driftskostnader. Bidraget frå opplæringssektoren må ikkje resultere i ei generell utarming av undervisningstilbodet i fylket. Ved å gjennomføre strukturelle endringar kan sektoren redusere driftskostnadene ved å avhenda overflødig bygningsmasse og utnytte eksisterande skulebygg betre. Dette vil gje sektoren større økonomisk handlefridom og betre rom får å arbeide aktivt for at fleire gjennomfører utdanninga si på normert tid, at færre skiftar utdanningsprogram og at fråfallet blir redusert.

Skulebruksplanen viser den langsiktige retninga for skuletilbodet i Hordaland. Skulebruksplanen til Hordaland fylkeskommune for perioden fram mot 2025 vart handsama og vedteken av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013. I november 2015 vedtok fylkesutvalet (PS280/15) at planen skulle rullerast i 2016. Rulleringa skal vurdere skulestrukturen fram mot år 2030 og leggje til grunn dei same kriteria for skulestruktur som i den opphavlege skulebruksplanen. Forslaget må difor ikkje lesast berre som ei rullering ut frå dagens faktiske situasjon, men av gjeldande plan og vedtak for framtidig struktur.

For å sikre eit breitt skuletilbod i heile fylket har vedteken regionsenterstruktur for Hordaland fylkeskommune gitt hovudretninga for skulestrukturen i 2030. Det er planlagt vidaregåande skule i alle

regionsenter. I tilnærminga er det lagt vekt på ein struktur som gir berekraftig drift framover. Dette inneber å samle fagmiljø og utdanningsprogram, og at planlagt totalkapasitet er i samsvar med forventa elevtal i den offentlege skulen. Det er også viktig å få ei best mogleg utnytting av eksisterande skulebygg og avhende dei bygga som er minst eigna for framtidig skuledrift. Vidare er det eit mål at dei fleste elevane får ei akseptabel reisetid. Skulane er søkt lokalisert slik at færrast mogleg elevar får ei reisetid på over 1 time til eit offentlig skuletilbod.

Skulebruksplanen skal vere eit styringsdokument som gir den overordna retninga for utvikling av strukturen for det vidaregåande skuletilbodet i Hordaland fram mot 2030.

Med bakgrunn i fylkesrådmannen sitt forslag (*vedlegg 1*) og dei høyringsvara som er komne inn, legg fylkesrådmannen i denne saka fram tilråding om rullert skulebruksplan 2017-2030.

Forslag til innstilling

- 1 Fylkestinget vedtar overordna total dimensjonering etter oppsettet i tabellen under. Framlegg om endringar som inneber auke i dimensjoneringa, må difor følgjast opp av ein tilsvarende reduksjon i elevplassar ein annan stad. Totaldimensjoneringa følgjer prioriteringane i investeringsplanen og skal justerast årleg.

Tilråding Region	Elevtals- prognose 2030			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar	Diff. plassar - prognose
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST		
NORDHORDL.	1 300	-	48	105	75	60	120	-	-	-	135	120	-	-	-	-	360	1 023	-277
ARNA REGION	980	-	20	60	-	30	90	-	-	-	60	-	90	-	-	-	180	530	-450
BERGEN NORD	1 330	50	60	120	-	90	210	-	-	105	90	90	-	-	180	-	630	1 625	295
BERGEN SENTRUM	1 460	100	82	-	165	105	360	-	-	135	150	120	90	-	-	90	1 548	2 945	1 485
BERGEN SØR	3 500	50	130	135	-	135	330	165	165	90	210	90	180	180	-	-	1 560	3 600	100
BERGEN VEST	2 000	-	108	105	-	45	225	-	-	-	120	-	-	180	-	90	720	1 593	-407
ASKØY	1 080	-	28	105	-	60	120	-	-	-	105	-	-	-	-	-	540	958	-122
SOTRA	1 350	-	32	45	45	75	120	-	60	-	105	-	-	-	90	-	540	1 112	-238
OS - FUSA	1 100	-	16	120	-	75	180	30	30	120	255	30	-	-	-	90	360	1 306	206
SUNNHORDL.	1 500	35	62	60	30	150	210	-	30	45	120	60	90	90	90	-	540	1 612	112
ODDA/KVINH.	780	20	28	60	-	60	90	-	-	-	105	30	-	-	-	-	360	753	-27
KVAM	290	10	12	-	-	30	30	-	-	-	30	-	-	-	-	-	180	292	2
VOSS	610	20	20	45	45	30	60	135	30	30	75	45	-	45	135	90	180	985	375
ETNE - SVEIO	95	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-95
Sum	17 375	285	646	960	360	945	2 145	330	315	525	1 560	585	450	495	675	360	7 698	18 334	959

2 Fylkestinget vedtar skule- og tilbodsstruktur etter dimensjoneringa i tabellen under.

REGION	SKULE	YRKESFAG											STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar				
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST						
NORDHORDL.	Austrheim vgs	-																				0	
	Knarvik vgs		48	105	75	60	120					135										360	1 023
ARNA REGION	Arna/Garnes vgs		8	60			60							90								90	308
	Osterøy vgs		12				30	30				60										90	222
BERGEN NORD	Asane vgs	50	60	120			90	210				105	90			180						630	995
	Tertnes vgs																					630	630
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs		20									135										720	1 025
	Bergen Katedralskole	50												90								648	698
	Bergen maritime vgs																					0	0
	Arstad vgs	50	62		165	105	360					150	60			90	180					180	1 222
BERGEN SØR	Austevoll vgs		4				15	45					45									30	139
	Langhaugen vgs														180		180					450	630
	Nordahl Grieg vgs	50	16				135															630	1 011
	Sandsli vgs		10								165											450	625
	Slåtthaug vgs	12		135		135	180					165	90									180	717
	Stend vgs	88							120			90					180						478
BERGEN VEST	Fyllingsdalen vgs		8				120								180							360	668
	Laksevåg vgs	60		105		45						120											330
	Olsvikåsen vgs	40					105										90				360	595	
ASKØY	Askøy vgs	28	105		60	120					105											540	1 593
SOTRA	Sotra vgs	32	45	45	75	120				60		105					90					540	1 112
OS - FUSA	Fusa vgs		5				60	30	30			75	30								90		320
	Os gymnas																					360	360
	Os vgs	11	120			75	120				120	180											626
SUNNHORDL.	Bømlo vgs						90															180	1 306
	Rubbestadnes vgs																						270
	Filtjar vgs																						0
	Stord vgs	35	62	60	30	150	120			30	45	120	60	90	90	90						360	1 342
KVINNHØRAD	Kvinnherad vgs	10	16	45		30	60					45	30									180	1 612
ODDA	Odda vgs	10	12	15		30	30					60										180	337
KVAM	Ny Kvam vgs	10	12			30	30					30										180	753
VOSS	Hjeltnes vgs																						292
	Nye Voss gymnas*	20			45		60				30		45		45	135	90	180					650
	Nye Voss vgs*	20		45		30		135	30			75											335
ETNE - SVEIO	Etne vgs																						985
	Sum	285	646	960	360	945	2 145	330	315	525	1 560	585	450	495	675	360	7 698						18 334

Kommentar til tabell: TAF Vg3 og Vg4 er dimensjonert som PB, gjeld Knarvik vgs og Fusa vgs

Følgjande endringar er foreslått i høve til fylkesrådmannen sitt høyringsforslag Alternativ 1:

- Odda vgs, dimensjonering ST auka frå 135 til 180.
- Odda vgs, dimensjonering TIP auka frå 45 til 60.
- Kvam vgs, dimensjonering ST auka frå 135 til 180.
- Fusa vgs og Knarvik vgs, dimensjonering PB er auka med høvesvis 30 og 60 elevplassar med bakgrunn i at det ikkje er vurdert endringar i TAF-tilboda ved skulane. Ordinære PB-tilbod er uendra i tilrådinga.
- Nordahl Grieg vgs, dimensjonering HO er redusert frå 165 til 135.
- Slåtthaug vgs, dimensjonering HO er auka frå 150 til 180.

Region Nordhordland

- Austrheim vgs vert lagd ned hausten 2020, og tilboda i regionen vert samla på Knarvik vgs.

Alternativ tilråding:

Det blir bygd ny skule i Austrheim med 300 elevplassar. Knarvik vgs vert redusert med 300 elevplassar frå 2020.

- Knarvik vgs får nytt tilbygg og vert samla på Juvikstølen i 2026
- Ved samling av Knarvik vgs på Juvikstølen skal det vurderast om det er grunnlag for å etablere RM ved skulen.
- PB vert auka til 120 (justering i forhold til TAF).

Arna region

- Frå skuleåret 2017/2018 skal Arna/Garnes vgs ha undervisning i to lokale. Tunesvegen vert avhenda/selt.
- Ny skule i Arna skal etablerast nær bussterminal/togstasjon med ferdigstilling i 2027.
- Fag- og skuletilbodet i regionen må samla sett vurderast på nytt ved planlegging av ny skule i Arna.

Region Bergen Nord (Åsane bydel)

- Det er ikkje planlagt større rehabiliteringar eller nybygg utover dei prosjekta som allereie er i gang.

Region Bergen Sentrum

- Dei maritime fagtilboda på vgs-nivå vert flytta frå Nedre Nygård til Laksevåg vgs hausten 2020.
- Bergen Maritime vgs vert lagt ned hausten 2020.

Region Bergen Sør

- Større rehabilitering og ei eventuell mindre utbygging av Slåtthaug vgs er planlagt slutført i 2023.
- Langhaugen vgs får nytt bygg for kroppsøving og musikk, planlagt slutført i 2022.

Region Bergen Vest

- Det studieførebuande tilbodet ved Laksevåg vgs vert avvikla hausten 2018

Alternativ tilråding:

Olsvikåsen vgs vert avvikla hausten 2018.

Region Askøy

- Større rehabilitering og ei utbygging av Askøy vgs er planlagt slutført i 2022.

Region Sotra

- Ny skule blir etablert i tilknytning til kollektivknutepunkt på Straume/Bildøy i 2024.
- Avd Sund vert avvikla/selt når den nye skulen vert teken i bruk.

Region Os/Fusa

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering eller nybygg.
- PB vert auka til 30 (justering i forhold til TAF).

Region Sunnhordland

- Stord Vabakkjen vert rehabilitert og noko utvida i 2022.
- Rubbestadneset vgs og Fitjar vgs vert avvikla/selt når ny/rehabilitert skule på Stord opnar.

Region Kvinnherad

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering eller nybygg.

Region Odda

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering utover pågåande rehabilitering av yrkesfagbygget.
- ID-tilbodet vert lagt ned

Region Kvam

- Ny skule planlagt ferdigstilt i 2026. Ny skule i Kvam erstattar noverande undervisningslokale i Norheimsund og Øystese, og desse lokala vert avvikla.

Region Voss

- Hjeltnes vgs vert lagt ned, og tilbodet vert flytta til Voss vgs og Voss gymnas frå hausten 2017.

Region Etne/Sveio

- Skuletilbodet i Etne vert samordna med tilbodet i Ølen i ein felles vidaregåande skule, lokalisert ved¹ Ølen vgs, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar. Lokala i Tesdal vert ikkje selt så lenge dei vert nytta av Rogaland fylkeskommune.

- 3 Gjennomsnittleg årleg investeringsnivå innan opplæringssektoren er 500 mill. kr (2016 kroner, inkl. mva) som vist i tabell under:

Post	Beløp
Større undervisningsutstyr (til skular i drift)	30 mill.
Skulebruksplan – planmidlar oppstart/utgreiingar	5 mill.
Rehabilitering og mindre ombyggingar/utvidingar	75 mill.
Investeringsprosjekt (nybygg, store rehabiliteringar)	390 mill.
Sum	500 mill.

4. Tidsplan og gjennomføring som vist i tabell under:

Skule	Tiltak	Tiltak	
		Blir avvikla	Blir opna
Nye Voss gymnas	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2017
Tertnes vgs	Gjennomføring av vedtatt programmering		2018
Bergen Katedralskole	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2018
Nye Åsane vgs	Gjennomføring av vedteke programmering		2020
Odda vgs	Gjeld rehabilitering av bygg for yrkesfag. Blir investeringsprosjekt frå 2017.		2018
Etne vgs	Kommunen overtar bygg i 2023. Bygg på Tesdal vert selt 2017	2017	
Hjeltnes	Usikker bruk. Ingen investering eller sal av bygg teke med	2017	
Laksevåg vgs, A-bygget	A-bygget kan seljast, men vinst av sal ikkje teke med då funksjonar må flyttast til B- bygget	2018	
Austrheim vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2020	
Lønborg vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2020	
Olsvikåsen	Held på bygget dersom SF og A-bygget ved Laksevåg blir lagt ned		

¹ Ved en inkurie ble orda «lokalisert ved» utelatt i vedtakspunktet , jf side 27. Dette er nå retta 05.09.2016

Askøy vgs	Delvis rehabilitering av 50 %. Utviding 20 %		2022
Langhaugen skole	Nytt bygg for kroppsøving og musikk.		2022
Slåtthaug	Delvis rehabilitering av 70 % av arealet		2023
Årstad vgs	Innomhus rehabilitering av C-bygget.		2025
Fitjar	Vert selt 2 år før nedlegging	2022	
Rubbestadneset	Vert selt 2 år før nedlegging	2022	
Stord vgs, Vabakkjen	Eksisterende verkstader vert rehabilitert og utvida. Klasseromsbygg vert delvis rehabilitert.		2022
Stord vgs, Saghaugen	Avgrensa tiltak i samband med samanslåing		2022
Sotra vgs, Bildøy	Vert selt 2 år før nedlegging	2024	
Sotra vgs, Sund	Vert selt 2 år før nedlegging	2024	
Nye Sotra vgs	Etablere ny skule i kollektivknutepunkt Straume/Bildøy		2024
Knarvik vgs, Kvernhusmyrane	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Knarvik vgs, Juvikstølen	Tilbygg for å dekke utdanningsprogram som er på Kvernhusmyrane		2026
Norheimsund vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Øystese gymnas	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Nye Kvam vgs	Ny skule		2026
Arna vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2027	
Games vgs, Tunes	Vert avvikla innan 2017 og vert selt	2017	
Games vgs, Garneshøgda	Vert selt 2 år før nedlegging	2027	
Nye Arna vgs	Ny skule		2027

5. Skulebruksplanen skal rullerast kvart 4. år

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.08.2016

Innleiing

I framlegg til verksemdsstrategi for Hordaland fylkeskommune er det ei hovudmålsetting at Hordaland fylkeskommune skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår. I samarbeid med kommunar, næringsliv og innbyggjarar skal Hordaland fylkeskommune levere effektive tenester, framtidsretta infrastruktur og rett kompetanse til innbyggjarane i fylket. Vi skal prioritere og setje tydelege mål for utvikling og tenester i fylket. Samstundes skal vi styrke økonomien til fylkeskommunen for å sikre gjennomføringsevne og berekraft.

For opplæringssektoren er dei overordna måla relatert til skulestruktur ved målsettingane om at opplæringssektoren skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov. Vidare skal opplæringssektoren utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering som svarar på behova i arbeids- og næringsliv. Strategiane for å nå måla er å styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering og å byggje ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling.

Hordaland fylkeskommune er i ein økonomisk situasjon der det er naudsynt å få ned gjeldsgraden gjennom auka betaling av avdrag. Opplæringssektoren må vere med å bidra ved å redusere sine driftskostnader. Bidraget frå opplæringssektoren må ikkje resultere i ei generell utarming av undervisningstilbodet i fylket. Ved å gjennomføre strukturelle endringar kan sektoren redusere driftskostnadene ved å avhenda overflødig bygningsmasse og utnytte eksisterande skulebygg betre. Dette vil gje sektoren større økonomisk handlefridom og betre rom for å arbeide aktivt for at fleire gjennomfører utdanninga si på normert tid, at færre skiftar utdanningsprogram og at fråfallet blir redusert.

Skulebruksplanen viser den langsiktige retninga for skuletilbodet i Hordaland. Skulebruksplanen til Hordaland fylkeskommune for perioden fram mot 2025 vart handsama og vedteken av fylkestinget 12. desember 2012 og 13. mars 2013. I november 2015 vedtok fylkesutvalet (PS280/15) at planen skulle rullerast i 2016. Rulleringa skal vurdere skulestrukturen fram mot år 2030 og leggje til grunn dei same kriteriana for skulestruktur som i den opphavlege skulebruksplanen. Forslaget må difor ikkje lesast berre som ei rullering ut frå dagens situasjon, men av gjeldande plan og vedtak for framtidig struktur.

For å sikre eit breitt skuletilbod i heile fylket har regionsenterstrukturen til Hordaland fylkeskommune gitt hovudretninga for skulestrukturen i 2030. Det er planlagt vidaregåande skule i alle regionsenter. I tilnærminga er det lagt vekt på ein struktur som gir berekraftig drift framover. Dette inneber å samle fagmiljø og utdanningsprogram og at planlagt totalkapasitet er i samsvar med forventta elevtal i den offentlege skulen. Det er også viktig å få ei best mogleg utnytting av eksisterande skulebygg og avhende dei bygga som er minst eigna for framtidig skuledrift. Vidare er det eit mål at dei fleste elevane får ei akseptabel reisetid. Skulane er søkt lokalisert slik at færrest mogleg elevar får ei reisetid på over 1 time til eit offentleg skuletilbod.

Skulebruksplanen skal vere eit styringsdokument som gir den overordna retninga for utvikling av strukturen for det vidaregåande skuletilbodet i Hordaland fram mot 2030.

Struktur i saka

Først vert det gitt ein presentasjon av rammene for dimensjonering, vurdering av totalkapasitet og årleg justering av tilbod.

Fylkesrådmannen sitt forslag til rullert plan vart lagt ut på open høyring 19. mai 2016 (PS 122/16, FU 19.05.16) med høyringsfrist 1. juli 2016 (vedlegg 1 [nettkjelde](#)). Det kom inn 168 høyringsuttalar. Desse er tilgjengelege på HFK sine [nettsider](#) (vedlegg 2).

Ut frå høyringsuttalane vert 4 overordna tema særskilt omtalt i saka:

- Befolkningsprognosar
- Reisetidsanalyse
- Kvalitet i skulen
- Personalhandtering

Det er laga eit høyringssamandrag som er ei samanfatning av innspela som er komne inn (*vedlegg 3*). I høyringa var det høve til å sende generelle innspel til planen, til ein region eller ein skule, eller innspel til fagstruktur/utdanningsprogram. Høyringssamandraget er strukturert etter den same inndelinga. Det er ikkje gitt respons på kvart enkelt innspel, men det er gitt merknader som samla sett, i best mogleg grad, søker å dekke alle innspela. I saksframlegget vil ein difor ikkje gå direkte inn på einskilde høyringssvar.

Saksframlegget går gjennom kvar region og viser fylkesrådmannens tilråding om framtidig struktur. Deretter vert det presentert eit forslag for gjennomførings- og prioriteringsrekkefølge av tiltak fram mot 2030. Prioriteringsrekkefølga legg til grunn eit årleg gjennomsnittleg investeringsnivå innan opplæringssektoren.

Totalkapasitet - dimensjonering

Samla trong for utdanningstilbod og elevtalsplassar baserer seg på eksisterande kapasitet og befolkningsutvikling i aldersgruppa 16-18 år. Med dette som utgangspunkt er det gjort ei utrekning av trongen for elevplassar i den offentlege skulen fram mot 2030. I utrekninga vert den delen av befolkninga som ikkje nyttar seg av ein ordinær offentleg skuleplass, halden på dagens nivå.

Alternativ 0

Utgangspunktet for rulleringa er gjeldande Skulebruksplan og dei vedtaka av skulestruktur som vart gjort ved handsaminga i 2012 og 2013 i tillegg til nye vedtak som har hatt verknad på strukturen etter dette.

Tabellen under viser dimensjonering som er gjenstand for rullering etter gjeldande plan og vedtak. Den samla kapasiteten i alternativ 0 er overdimensjonert med 1976 plassar samanlikna med prognostisert elevtal i offentleg skule i 2030. Skuleåret 15/16 gir dette ein overkapasitet på 16 % og i 2030 på 11%. Prognostisert befolkningsvekst er på 5 %. 2/3 av den ledige kapasiteten er på yrkesfag og 1/3 på studieførebuande fag.

ALTERNATIV 0 REGION	Elevtals- prognose 2030	YRKESFAG														STUDIEFØREBUANDE					Elev- plassar	Diff. plassar prognose
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST					
NORDHORDLAND	1 300	-	48	105	75	105	150	-	-	-	165	60	-	-	-	-	430	1 138	-162			
ARNA REGION	980	-	12	60	30	30	90	-	-	-	60	-	90	-	-	-	180	552	-428			
BERGEN NORD	1 330	50	60	75	-	90	195	-	75	105	150	90	-	-	180	-	735	1 805	475			
BERGEN SENTRUM	1 460	100	80	-	165	270	360	-	60	135	390	120	90	-	90	1 548	3 408	1 948				
BERGEN SØR	3 500	50	118	135	90	135	330	165	90	90	210	90	180	180	180	-	1 505	3 548	48			
BERGEN VEST	2 000	-	78	105	75	45	225	-	-	-	120	90	90	180	-	90	810	1 908	-92			
ASKØY	1 080	-	28	105	-	60	120	-	-	-	105	-	-	-	-	-	425	843	-237			
SOTRA	1 350	-	32	45	45	75	120	-	60	-	105	-	-	-	90	-	360	932	-418			
OS - FUSA	1 100	-	16	120	-	75	180	30	30	120	255	-	-	-	90	345	1 261	161				
SUNNHORDLAND.	1 500	50	62	60	30	225	210	-	30	60	150	90	90	90	90	-	630	1 867	367			
ODDA/KVINH.	780	20	16	60	-	60	90	-	30	-	90	30	-	-	-	-	315	711	-69			
KVAM	290	10	12	30	-	30	30	-	-	-	30	-	-	-	-	-	135	277	-13			
VOSS	610	20	16	45	45	30	60	165	30	30	75	45	-	45	135	90	180	1 011	401			
ETNE - SVEIO	95	-	-	-	30	-	-	-	-	-	30	20	-	-	10	-	-	90	-5			
Sum	17 375	300	578	945	585	1 230	2 160	360	405	540	1 935	635	540	495	685	360	7 598	19 351	1 976			

Alternativ 1

Tabellen under viser alternativ 1, fylkesrådmannens høringsforslag:

Alternativ 1 Region	Elevtals- prognose 2030	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar	Diff. plassar - prognose
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST		
NORDHORDLAND.	1 300	-	48	105	75	60	120	-	-	-	135	60	-	-	-	-	360	963	-337
ARNA REGION	980	-	20	60	-	30	90	-	-	-	60	-	90	-	-	-	180	530	-450
BERGEN NORD	1 330	50	60	120	-	90	210	-	-	105	90	90	-	-	180	-	630	1 625	295
BERGEN SENTRUM	1 460	100	82	-	165	105	360	-	-	135	150	120	90	-	-	90	1 548	2 945	1 485
BERGEN SØR	3 500	50	130	135	-	135	330	165	165	90	210	90	180	180	-	-	1 560	3 600	100
BERGEN VEST	2 000	-	108	105	-	45	225	-	-	-	120	-	-	180	-	90	720	1 593	-407
ASKØY	1 080	-	28	105	-	60	120	-	-	-	105	-	-	-	-	-	540	958	-122
SOTRA	1 350	-	32	45	45	75	120	-	60	-	105	-	-	-	90	-	540	1 112	-238
OS - FUSA	1 100	-	16	120	-	75	180	30	30	120	255	-	-	-	-	90	360	1 276	176
SUNNHORDL.	1 500	35	62	60	30	150	210	-	30	45	120	60	90	90	90	-	540	1 612	112
ODDA/KVINH.	780	20	28	60	-	60	90	-	-	-	90	30	-	-	-	-	315	693	-87
KVAM	290	10	12	-	-	30	30	-	-	-	30	-	-	-	-	-	135	247	-43
VOSS	610	20	20	45	45	30	60	135	30	30	75	45	-	45	135	90	180	985	375
ETNE - SVEIO	95	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-95
Sum	17 375	285	646	960	360	945	2 145	330	315	525	1 545	495	450	495	675	360	7 608	18 139	764

Alternativ 2 / Fylkesrådmannens tilråding

Tabellen under viser dimensjonering i fylkesrådmannens *tilråding* til rullert struktur i 2030. Den viser kor mange utdanningsplassar det vil bli i kvar region. Den yrkesfaglege profilen frå alternativ 0 er søkt vidareført.

Tilråding Region	Elevtals- prognose 2030	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar	Diff. plassar - prognose
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST		
NORDHORDL.	1 300	-	48	105	75	60	120	-	-	-	135	120	-	-	-	-	360	1 023	-277
ARNA REGION	980	-	20	60	-	30	90	-	-	-	60	-	90	-	-	-	180	530	-450
BERGEN NORD	1 330	50	60	120	-	90	210	-	-	105	90	90	-	-	180	-	630	1 625	295
BERGEN SENTRUM	1 460	100	82	-	165	105	360	-	-	135	150	120	90	-	-	90	1 548	2 945	1 485
BERGEN SØR	3 500	50	130	135	-	135	330	165	165	90	210	90	180	180	-	-	1 560	3 600	100
BERGEN VEST	2 000	-	108	105	-	45	225	-	-	-	120	-	-	180	-	90	720	1 593	-407
ASKØY	1 080	-	28	105	-	60	120	-	-	-	105	-	-	-	-	-	540	958	-122
SOTRA	1 350	-	32	45	45	75	120	-	60	-	105	-	-	-	90	-	540	1 112	-238
OS - FUSA	1 100	-	16	120	-	75	180	30	30	120	255	30	-	-	-	90	360	1 306	206
SUNNHORDL.	1 500	35	62	60	30	150	210	-	30	45	120	60	90	90	90	-	540	1 612	112
ODDA/KVINH.	780	20	28	60	-	60	90	-	-	-	105	30	-	-	-	-	360	753	-27
KVAM	290	10	12	-	-	30	30	-	-	-	30	-	-	-	-	-	180	292	2
VOSS	610	20	20	45	45	30	60	135	30	30	75	45	-	45	135	90	180	985	375
ETNE - SVEIO	95	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-95
Sum	17 375	285	646	960	360	945	2 145	330	315	525	1 560	585	450	495	675	360	7 698	18 334	959

I fylkesrådmannens tilråding er totalt elevplasstal 18334. Dette er ein auke på 195 plassar i høve til Alt 1 i fylkesrådmannens høringsforslag og ein reduksjon i høve alternativ 0 på 1017. Basert på venta elevtal ved dei offentlege vidaregåande skulane meiner fylkesrådmannen at tilrådinga viser tenleg kapasitet. Det er sløsing med ressursar å ha større kapasitet enn det behovet tilseier. I eit perspektiv fram mot 2030 er det mykje som er usikkert, og denne uvissa kan blant anna handterast med å leggje inn noko overkapasitet totalt sett. Tilrådinga gir ein overkapasitet i 2030 på nesten 6 %.

Fylkesrådmannen vil understreke at det er viktig at totalkapasiteten gitt i forslaget ikkje vert auka ytterlegare. Endringar må difor gjerast med totalkapasiteten som ramme. Ein eventuell auke av elevplasstalet ved ein skule/i ein region må føre til tilsvarande reduksjon ved ein annan skule/region.

Årleg justering av tilbod

Når det gjeld oppretting og nedlegging av klassar og programfag etter årleg variasjon i søkjartal og tilgang/trong for læreplassar, vert dette handtert gjennom årleg justering av tilbodsstrukturen. Når det gjeld nedlegging og oppretting av utdanningsprogram, vil dette vere gjenstand for eiga politisk handsaming. Det same gjeld nybygg og avhending av bygg. Det vil også vere slik at ein i planlegginga av større rehabiliteringar og nybygg må gjere nye vurderingar av kva utdanningstilbod som er tenleg ut frå endringar i søkjemønster og samfunnet sitt behov.

Det vil vere naudsynt å kunne tilpasse utdanningstilboda både på kort og lang sikt. Det er difor viktig at strukturen er fleksibel, og at nye skulebygg vert planlagt med stor grad av fleksibilitet.

Befolkningsprognosar

Mange av innspela gjeld skilnaden mellom prognosen til Hordaland fylkeskommune og folketalsframskrivingane frå SSB. Det er i den samanheng viktig å peike på at dei delvis byggjer på ulike føresetnader. I avsnitta under kan ein kort lese om kva SSB og Hordaland fylkeskommune nyttar som grunnlag. Dersom det er behov for ytterlegare informasjon, vert dette å finne på SSB sine eigne nettsider og på Hordaland fylkeskommune sine nettsider <http://www.hordaland.no/nn-NO/rapportar-og-statistikk/>.

Nye framskrivingar frå SSB som vart tilgjengelege i juni 2016, er i etterkant brukt som kvalitetssjekk mot prognosane som ligg føre i høyringsforslaget. Dei viser ingen vesentlege endringar.

For elevtalsutviklinga i Bergen kommune har fylkeskommunen nytta folketalsprognosen til Bergen kommune med justerte tal pr. 01.01.16. Denne prognosen tar opp i seg gjeldande planar for utvikling i dei einskilde bydelane.

SSB utarbeider tre alternative framskrivingar av folketalsutviklinga i Norge – høg, låg og middelalternativet. I framskrivingane av folketalet på fylkes- og kommunenivå legg SSB til grunn at dei siste fem års regionale mønster for fruktbarheit, flytting og dødelegheit vil halde fram.

Dei komponentane som bestemmer folketalsutviklinga, og som er lagt inn som føresetnader, er:

- Barnetal per kvinne (fruktbarheit)
- Levealder (dødelegheit)
- Innanlands flytting
- Nettoinnvandring

Det betyr at det ikkje er tatt omsyn til:

- Nedlegging eller oppretting av nye arbeidsplassar
- Framtidig regional, fylkeskommunal og kommunal veg- og infrastrukturtiltak
- Bustadbygging

SSB nyttar eigen befolkningsstatistikk (Bestat) som datakjelde, som igjen byggjer på data Skattedirektoratet har henta frå det sentrale folkeregisteret. Det vert nytta tal etter alder, kjønn, innvandringskategori og landgruppe per 1. januar, og dessutan tal for fødsjar, dødsfall, innanlandske flyttingar mellom kommunar (samt bydelar for Oslo), innvandring og utvandring.

Det vert ikkje brukt utval, dvs. at framskrivingane vert gjort for heile befolkninga, og ingen andre datakjelder enn befolkningsregister er nytta.

Lågt og høgt alternativ vert rekna som lite realistiske, då komponentane går mot ekstremverdiar i heile framskrivingsperioden, medan SSB sitt mellomalternativ inneber: middels fruktbarheit - middels levealder - middels innanlandsk flytting - middels innvandring.

I «Fylkesprognosar for Hordaland 2016 – 2040: Befolkning» kan ein lese følgjande om føresetnadene for prognosane:

Prognosar og framskriving av folketalsutvikling er basert på historisk utvikling, og dette kan – og vil – avvike frå den utviklinga som faktisk vil skje. Ein må vere medviten om at prognosane ikkje er faset på framtidig utvikling, og at dei er forbunde med feilkjelder. I langsiktig planlegging må ein derfor bruke prognosar med varsemd. Planar må vere robuste og fleksible nok til at dei kan handtere ulike framtidsscenario, både at veksten blir høgare og lågare enn prognosane tilseier. I

Fylkesprognoser.no har vi lagt oss på eit framtidsscenario som føreset høg innvandring over lengre tid enn SSB legg til grunn i sine framskrivingar. Vi har ein lokal modell for flytting som skil seg frå SSB sin og berre ser på lokale trendar og norsk etterspørsel etter arbeidskraft, ikkje på internasjonalt tilbod av arbeidskraft, og vi gjer ingen prognose på kvar innvandrarar kjem frå, og med det heller ingen berekning av ulike tilbakeflyttingsratar/-sannsyn. Vi brukar med det ein enklare modell enn SSB kva gjeld internasjonale høve, men ein meir detaljert modell kva gjeld lokale. Dette er ei avveging ein òg bør ta stilling til om ein vurderer om ein skal planleggje etter SSB eller våre folketalsframskrivingar. (Kort om føresetnader og metode for befolkningsprognosen, side 6)

Ein viktig føresetnad for at desse prognosane skal bli oppfylt, er at det er bustad til alle som vil bu her, og arbeid til alle som ønskjer det. Folkeveksten vil ikkje kome av seg sjølv. Vi modellerer inn arbeidsplassar indirekte via ordretilgangen for eksportmarknaden, så vi har ein delvis arbeidsmarknadsstyrt prognose. Vi har òg verktøy til å berekne inn historisk bustadbygging, slik at vi òg får ein bustadstyrt prognose, men forholdet mellom tilbod og etterspørsel på bustadmarknaden og folkevekst er ikkje eintydig, så vi har ikkje brukt ein slik modell. Om det er arbeidsplassar, men ikkje bustader, kan ein sjå prognosen som ein indikator på kva som ligg latent mogleg å få til av folkevekst, og kva press som vil vere både på bustadmarknaden og på arbeidsmarknaden. Om det er bustader, men ikkje arbeidsplassar, kan ein sjå prognosen motsett: som ein indikator på overkapasitet og risiko for fallande bustadprisar og lønningar, men òg som ein indikator på kva som vil bli mogleg å få til av sysselsettingsvekst. Om det korkje er bustader eller arbeidsplassar, vil mykje av grunnen for å flytte hit (og for å bli verande) bli borte, og vi vil heller ikkje få den folkeveksten som vi ventar oss. (Kommentar til prognose for smala folkevekst, side 13)

Reisetid

I rådmannen sitt forslag til rullert SBP har AUD gjennomført ein reisetidsanalyse (AUD-rapport nr. 3-16) for å gje eit bilete på korleis og for kven endringar i skulestruktur vil gi konsekvensar for reisetid. Metoden som er brukt er enkelt forklart at ein tek utgangspunkt i folkeregistrerte adresser til befolkninga i Hordaland i aldersgruppa 16-18 år og ser på reisetid etter veg til:

1. Næraste regionsenter (scenario 1)
2. Næraste punkt når ein legg til utvalde skular utanfor regionsentra (scenario 2)

I denne analysen er 45 minutt med bil rekna som ein indikator på ein times kollektivreise (+ om lag 30%). Ved enkle stikkprøver i Skyss sin ruteplanleggar finn ein at dette ligg nær opp til det raskaste kollektivtilbodet dei fleste plassar i fylket. Ved slike stikkprøver i Skyss sin reiseplanleggar er skuleruter ikkje tilgjengelege. I ein skilde område i fylket vil det vere eit svakare rutetilbod grunna mellom anna frekvens, tal stopp og bytte av buss.

Ei bilreise på 45 minutt gir eit bilete av reisetida uavhengig av forskjellar i rutetilbodet slik det er utforma i dag. Eit rutetilbod vil kunne endrast ved behov (til dømes direktetilbod). Ei endring i reisetida med bil krev at vegnettet blir fornya eller utbetra, men dette vil krevje meir tid. Vidare er det sannsynleg at rutetilbodet vert endra dersom det vert endringar i skulestruktur, og skuleskyss er lovregulert, slik at nye skuleruter truleg også vil måtte opprettast som konsekvens av endringar i skulestruktur. Analytisk må ein difor ta høgde for at dagens rutetilbod ikkje er lagt til rette for endringar i skulestruktur.

I Fylkesutvalet 19.05.16 vart følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen samrøystes vedteke: «*Ved endeleg handsaming av planen vert reisetid med kollektiv lagt til grunn.*»

I høyringa kom det også inn fleire innspel som peikar på at analysen som er gjort, ikkje gir eit reelt nok bilete på reisetid med kollektivtransport.

Det er difor gjennomført ein tilsvarande analyse med utgangspunkt i eksisterande rutetilbod inkludert skuleruter (*Vedlegg 4*, AUD-rapport nr. 4-16). Dette er eit omfattande og komplisert arbeid, og analytisk er det mykje vanskelegare å trekke klare konklusjonar frå denne analysen enn analysen etter vegnettet, fordi langt fleire variablar og skrankar spelar inn.

Kort oppsummering – reisetid kollektivtilbod (*Vedlegg 4*, AUD-rapport nr. 4-16)

- Analysen tek ikkje omsyn til at rutetilbodet vil kunne endrast ved endring i skulestrukturen.
- Ordinære skuleruter er inkludert i analysen, men særskilt transport med taxi og minibuss til skule eller kollektivstopp er ikkje inkludert.
- I scenario 1 viser analysen at om lag 1100 personar i befolkninga 16-18 år har lengre reisetid enn 60 min med kollektivreise.
- I scenario 2 viser analysen at om lag 800 personar i befolkninga 16-18 år har lengre reisetid enn 60 min med kollektivreise.
- I høve til fylkesrådmannen sitt forslag om endring i skulestrukturen er det særleg område i Austrheim og dessutan Fedje og Masfjorden der vesentleg fleire personar får lengre enn 60 min reisetid til eit skuletilbod samanlikna med dagens situasjon.

Skulebruksplan og kvalitet i skulen

System for verksemdbasert vurdering (VBV) er HFK sitt system for kvalitetsoppfølging av det pedagogiske utviklingsarbeidet i alle vidaregåande skular i HFK. Systemet vart innført i 2009 og er i kontinuerleg utvikling. Det er fylkesdirektør opplæring sine styringsdokument som set rammer for arbeidet. Styringsdokumenta blir i dialog med skuleleiarane regelmessig revidert på grunnlag av nasjonale styringssignal og lokale vurderingar. Regionleiarane gjennomfører årlege leiarsamtalar og har eit team av rådgjevarar som gjennomfører årlege skulebesøk. I skulebesøka deltek også representantar for tilsette og elevar. Tema for møtet er skulen sine resultat og korleis skulen involverer tilsette og elevar i arbeidet med resultatvurdering og pedagogisk utvikling. Formålet med systemet er å auke gjennomføringa og læringsutbyttet til elevane.

Eit godt kvalitetsvurderingssystem må i størst mogleg grad vere basert på eit felles informasjons- og kunnskapsgrunnlag. Sidan 2009 har det vore investert i nye verktøy og kompetanseheving for å sikre at skulane og skuleeigar har eit breitt og lett tilgjengeleg informasjonsgrunnlag i arbeidet med skulebasert vurdering. Sjølv om det går føre seg mykje godt utviklingsarbeid på mange skular, er det likevel slik at skular skårar ulikt på ulike resultatindikatorar. I tillegg viser forskning at det i mange tilfelle kan vere større kvalitetsforskjellar *internt* på ein skule enn *mellom* skular. Ei heilskapleg forståing av lokal kontekst og god iverksettingskapasitet er avgjerande for å lukkast med pedagogisk utviklingsarbeid.

I perioden 2016 -18 skal alle dei vidaregåande skulane prioritere tiltak som kan bidra til å styrke det psykososiale skulemiljøet og sikre nulltoleranse for mobbing. 5 skular deltek også i eit større forskingsprosjekt for å undersøke samanhengen mellom kvaliteten på skulemiljøet og elevane si gjennomføring. Forsking på skulemiljø viser at leiinga spelar ei avgjerande rolle for å skape eit godt skulemiljø, og at det ikkje er nokon eintydig samheng mellom storleik på skulen og korleis elevane trivst.

I Hordaland fylkeskommune er det også utvikla eit godt system for kompetanseutvikling for lærarar innanfor utdanningsprogram og fag på tvers av skular. Alle utdanningsprogram har fagnettverk som arrangerer kurs og samlingar for lærarar. Slike nettverk er viktige for å sikre ei god kompetanse- og kvalitetsutvikling. Dette gjeld kanskje særleg i små fag med få lærarar på kvar skule. Frå hausten 2016 vil fagnettverka bli styrka med representasjon frå skuleeigar, skuleleiarar og eksterne kompetansetilgjeng. Desse nettverka skal vere ein ressurs for alle skular og vil i neste periode få som oppgåve å styrke dei regionale tilboda om etterutdanning i fylket.

Fleire høyringsuttalar peikar på at fylkesrådmannen sin plan for framtidig skulestruktur ikkje tek nok omsyn til den pedagogiske kvaliteten i eksisterande undervisningstilbod, kva innverknad skulemiljøet har på fråfall og korleis ein tek vare på sterke fagmiljø i omstilling på skulane (*sjå vedlegg 3*). I den samheng er det

viktig å understreke at planforslaget er ein skulestrukturplan som - på grunnlag av demografiske data og politisk vedtekne kriterium - skal sikre eit mest mogleg ressurseffektivt og berekraftig skule- og fagtilbod fram mot 2030. I dette ligg det ikkje ei vurdering av innhaldskvaliteten på undervisninga på den einskilde skule. Planen har som mål å leggje til rette for sterke og stabile skule- og fagmiljø i ein økonomisk berekraftig struktur. Ein robust og ressurseffektiv skulestruktur vil vere avgjerande for å sikre gode rammer for det pedagogiske kvalitets- og utviklingsarbeidet over tid.

Personalhandtering

Forslaga til strukturendringar som fylkesrådmannen legg fram i framlegg til rullert skulebruksplan, gjer at mange tilsette vert råka av endringar og omstillingar i høve til arbeidssituasjon og noverande tilsetjingsforhold i Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune har etablerte rutinar for handtering av personale ved omstillingar. Dei mest aktuelle er

- «Dei ni omstillingsreglane»
- «Handsaming av overtalssaker»
- «Moglege tiltak ved omstillingsprosessar».

Desse rutinane kjem i tillegg til lov- og avtaleverk som gjeld ved omstilling, jf. arbeidsmiljølova, hovudavtalen og hovudtariffavtalen.

Rutinane ovanfor og gangen i gjennomføring av omstilling vert gjort greie for i vedlagde notat «Personalhandtering - omstilling» (*Vedlegg 5*). I denne samanheng er det grunn til å peike på at dagens skulestruktur gjev vesentlege utfordringar på personalsida i forhold til handtering av overtal ved endringar i elevtal og søkjemønster.

Ei sentral målsetting med skulebruksplanen er å få til ein berekraftig, økonomisk og stabil skule- og tilbodsstruktur over tid i HFK (*Vedlegg 1*). Det inneber blant anna færre og større skular, og større og meir konsentrerte fagmiljø. Med tanke på personalhandtering vil dette truleg gi ein meir stabil og føreseieleg arbeidssituasjon. Få og store fagmiljø vil lettare takle konjunkturændringar enn små og spreidde miljø. Større miljø gir større rom for interne rokeringar som kan forhindre overtal. Større einingar gir også større rom for å tilsetje i heile stillingar i smale utdanningsprogram, som til dømes Medie- og kommunikasjon (MK) og Design og handtverk (DH).

Elevtilgangen og elevane sitt val av utdanningsprogram gir grunnlaget for personalbehovet. I dagens situasjon vert det kvart år meldt inn overtal. Nokre år er tala høge. Sjølv om dei fleste tilsette får jobb ved ein annan skule/ei anna eining, er det ei påkjenning å skifte arbeidsstad utan at ein sjølv har ynskt dette. Det er også slik at uvisse knytt til eigen arbeidssituasjon kan verke negativt inn på trivsel og arbeidsinnsats. Det er både i arbeidstakar og arbeidsgjvars interesse å skape føreseielege arbeidsforhold.

Sterke fagmiljø må ikkje vere *store* fagmiljø, men det er lettare å drive utviklingsarbeid i eit miljø der det er fleire som kan arbeide saman. Meir konsentrerte fagmiljø vil leggje til rette for dette. Endra skulestruktur i retning av færre og større einingar og meir konsentrerte fagmiljø vil på sikt kunne gi meir stabile arbeidsplassar, noko som kan ha ein positiv effekt for dei tilsette, både i høve til arbeidsmiljø og fagleg utvikling.

Regionvis gjennomgang – skule og tilbodsstruktur for framtida

Under følgjer ein gjennomgang av den einskilde region etter den regionvise inndeling som er brukt i høyringsforslaget. Dette er ikkje den administrative inndeling av vidaregåande opplæring i Hordaland, men ei inndeling gjort med utgangspunkt i den regionale senterstrukturen. For kvar region er det først ein tekstboks med forslaget til struktur slik det ligg i høyringsforslaget. Tekstboksane referer direkte til kapittel 6 i høyringsforslaget (*Vedlegg 1*). Deretter følgjer ei kort drøfting og ein tabell som viser fylkesrådmannen si

tilråding for framtidig struktur og dimensjonering av utdanningsprogramma. For samandrag av høyringsuttalane til kvar region vert det vist til Vedlegg 3.

Det er avgjerande i eit planperspektiv å setje ein totalkapasitet som er tilpassa forventa elevtal. I høyringsforslaget er det planlagt med ein moderat overkapasitet i 2030.

Fylkesrådmannen ser det som særskilt viktig at overkapasiteten ikkje aukar. Dette inneber at dersom ein aukar kapasiteten på ein skule eller innan eit utdanningsprogram, må det reduserast tilsvarande andre stader.

I fylkesrådmannen si tilråding vert det gjort følgjande endringar i dimensjonering i forhold til Alternativ 1 som vart lagt fram i høyringsforslaget:

- Odda vgs, dimensjonering ST auka frå 135 til 180.
- Odda vgs, dimensjonering TIP auka frå 45 til 60.
- Kvam vgs, dimensjonering ST auka frå 135 til 180.
- Fusa vgs og Knarvik vgs, dimensjonering PB er auka med høvesvis 30 og 60 elevplassar med bakgrunn i at det ikkje er vurdert endringar i TAF-tilboda ved skulane. Ordinært PB-tilbod er uendra i tilrådinga.
- Nordahl Grieg vgs, dimensjonering HO er redusert frå 165 til 135.
- Slåtthaug vgs, dimensjonering HO er auka frå 150 til 180.

Region Nordhordland

I alternativ 1 blir det foreslått å leggje ned Austrheim vgs og samle utdanningstilbodet for regionen i Knarvik. Utdanningsprogrammet Restaurant og matfag (RM) vert lagt ned. Service og samferdsel (SS) vert flytta frå Knarvik til Nye Åsane vgs.

Samla sett vert talet på dimensjonerte elevplassar redusert med 175 i region Nordhordland.

Av tabell 6.5 *Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring*, går det fram at Austrheim vgs vert lagt ned hausten 2020. Av same tabell går det fram at Knarvik vgs får tilbygg på Juvikstølen som erstatning for avdelinga ved Kvernhusmyra.

Det totale elevgrunnlaget for offentleg skule i Nordhordland i 2030 er på 1300 elevar i aldersgruppa 16-18 år. Av desse elevane reiser 300 elevar til Bergen for å gå på skule basert på dagens reisemønster. I skuleåret 15/16 går det 320 elevar frå kommunar utanfor Nordhordland på Knarvik vgs. Det er sannsynleg at storparten av desse elevane vil gå på skular nærare heimstaden når desse er rehabiliterte/bygde (Tertnes vgs, Åsane vgs, Askøy vgs og Sotra vgs).

Dette gjer det naudsynt med om lag 1000 elevplassar i Nordhordland. Trongen for elevplassar i regionen er dekkja med kapasiteten på Knarvik vgs.

Det er mange av høyringsuttalane som argumenterer sterkt mot nedlegging av Austrheim vgs (*sjå vedlegg 3*). Fylkesrådmannen vurderer at alternativet til nedlegging er å byggje ein ny skule på Austrheim med ei dimensjonering av elevtal minimum på dagens nivå, helst noko større (300 plassar). Ved ei slik løysing bør ein unngå konkurrerende tilbod mellom skulane. Dette betyr at skulen i større grad må rekruttere frå nærområdet til Knarvik, og ein må redusere dimensjoneringa på Knarvik vgs med 300 plassar.

Ei nedlegging av Austrheim vgs vil medføre at fleire elevar får vesentleg lengre reiseveg, Jf reisetidsanalyse (*vedlegg 1 og vedlegg 4*). For nokon vil reisevegen bli så lang at hybel vil vere eit alternativ. Ser ein på dei

elevane som i dag går på skulen, vil hybel vere eit reelt alternativ for om lag 50 elevar når ein inkluderer 27 elevar frå Sogn og Fjordane (Gulen og Solund).

Med tanke på standarden på skulebygga og funksjonaliteten ser fylkesrådmannen ein ny skule som einaste reelle alternativ til nedlegging. Det vil ikkje vere fornuftig å auke den totale kapasiteten i regionen.

Når det gjeld spørsmålet om Austrheim vgs, tilrår ikkje Fylkesrådmannen på noverande tidspunkt vidare drift av skulen. Kommune-/regionreform vil ikkje bidra til eit større elevgrunnlag for skulen. Fylkesrådmannen meiner likevel at ein skal vere open for at arbeidet med ei større regionreform kan gi grunnlag for ny vurdering. Dette vil eventuelt stå klarare fram i åra fram mot 2020.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Nordhordland:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE	YRKESFAG									STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar		
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		ST	
NORDHORDL.	Austrheim vgs	-																	0
	Knarvik vgs		48	105	75	60	120				135	120							360
																			1 023
																			1 023

- Austrheim vgs vert lagt ned hausten 2020, og tilbodet i regionen vert samla på Knarvik vgs.

Alternativ tilråding:

Det blir bygd ny skule i Austrheim med 300 elevplassar. Knarvik vgs vert redusert med 300 elevplassar frå 2020.

- Knarvik vgs får tilbygg og vert samla på Juvikstølen i 2026
- Ved samling av Knarvik vgs på Juvikstølen skal det vurderast om det er grunnlag for å etablere RM ved skulen.
- PB vert auka til 120 (justering i forhold til TAF)

Arna region

Fylkestinget har vedtatt at det på sikt skal byggjast ny kombinert skule i Arna som erstatning for dei to eksisterande skulane Arna vgs og Garnes vgs. I denne samanheng må det vurderast om også tilbodet ved Osterøy vgs skal flyttast til den nye skulen, men ei slik utviding er det ikkje tatt høgde for i investeringsprogrammet.

Av tabell 6.5 *Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring*, går det fram at Arna vgs «vert etablert nær bussterminal/togstasjon», med ferdigstilling i 2027.

Noko av det høyringsuttalane for regionen peikar på, er at det over tid er etablert eit tett og godt samarbeid med lokalt næringsliv. Når det gjeld Osterøy vgs, vert det lagt fram at det er naudsynt med eit betre kollektivtilbod for elevane ved skulen. Vidare vert det uttrykt at ein ny skule i Arna bør planleggjast med fleire elevar og parallellar innan utdanningsprogramma enn det som ligg i høyringsforslaget (*vedlegg 3*).

Isolert sett kan det vere grunnlag for ein større skule i Arna når ein byggjer ny skule der, men dette vil krevje at ein reduserer kapasiteten andre stader.

Dimensjoneringa i regionen må sjåast i samanheng med Bergen Nord og Bergen Sentrum. Arna vgs og Garnes vgs er slått saman til ei økonomisk og administrativ eining frå 01.08.2016. Per i dag har skulen undervisning på tre lokasjonar; Garnesstølen, Tunesvegen og Vestlivegen (tidl. Arna vgs)). Frå skuleåret 2017/2018 skal Arna/Garnes vgs ha undervisning i to lokale. Tunesvegen vert då avhenda/selt.

Region Bergen Sentrum

Med alternativ 1 vert det vidaregåande skuletilbodet ved Bergene Maritime vgs lagt ned.

Av tabell 6.5 *Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring*, går det fram at Bergen Katedralskole kan ta i bruk nytt mellombygg i 2018. Samtidig skal rehabiliteringsarbeidet vere ferdig i hovudbygget og klasserombygget.

Bergen Maritime vgs vert avvikla i 2020.

Årstad vgs; Innvendig rehabilitering av C-bygget er planlagt ferdigstilt i 2025.

Arbeidet med rehabilitering og tilbygg på Bergen Katedralskole er i god rute, slik at skulen kan ta imot dimensjonert elevtal frå skuleåret 2018/2019.

Hovudtyngda av høringsuttalane for regionen gjeld nedlegging av Bergen Maritime vgs. Det er også kome motførestillingar til forslaget om å leggje ned RM ved Årstad vgs (*sjå vedlegg 3*).

Det er ein monaleg overkapasitet innan yrkesfag i Bergen med omland. I SBP søkjer ein å halde på forholdstalet mellom yrkesfag og studieførebuande fag, med det er likevel naudsynt å gjere noko med overkapasiteten i strukturen.

Etter søkjemønster til yrkesfaga er det fornuftig å redusere overkapasiteten i Bergen Sentrum. Fylkesrådmannen vurderer at det mest tenlege tiltaket for å redusere overkapasiteten med tanke på å utnytte eksisterande tilbod, er å leggje ned Bergen Maritime vgs. At det er naudsynt med ein reduksjon av kapasiteten innan yrkesfaga i region Bergen Sentrum, er ei vurdering som er gjort uavhengig av framtida til ein ny fagskule.

Fylkestinget vedtok 13.10.2015 samrøystes i PS 64/2015 å lokalisere ny samla fagskule på Nedre Nygård. Fagskulestyret vedtok 17.03.2016 ei administrativ samanslåing av Bergen Maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole gjeldande frå 1. januar 2017.

Arealvurderingar tilseier at det ikkje er plass til både ein samla fagskule og ein vidaregåande skule på Nedre Nygård. Denne plasseringa av ny samla fagskule føreset at fagtilbodet ved Bergen Maritime vgs vert flytta.

Maritim utdanning har lange og stolte tradisjonar i Bergen. Det vil vere viktig at dei maritime fagtilboda innan EL og TIP vert lagt til same skule. Dette vil leggje til rette for å ta vare på eit godt samarbeid med fagskulen ved flytting av dei maritime vgs-tilboda til ein av dei andre skulane i Bergen.

Fylkesrådmannen tilrår at dei maritime fagtilboda vert lagt til Laksevåg vgs.

Frå hausten 2016 er Årstad vgs ein kombinert skule. Det er etablert to klassar innan ST og ein klasse innan KDA. Det studieførebuande tilbodet på skulen burde vore større; Jf kriteria for skulestruktur. I den samanheng kan Årstad vgs vere aktuell for ei framtidig etablering av ID. Skulen ligg i gåavstand til gode eksisterande idrettsanlegg. Skulen har og ei sentral plassering i forhold til utvikling av Campus Bergen-prosjektet, der HFK er ein sentral part saman med Høgskolen i Bergen, Bergen kommune, Haukeland Universitetssjukehus, Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest og Sportsklubben Brann.

Ser ein på totalkapasiteten i Bergen m/omland, er det ikkje trong for ei slik utviding av studieførebuande fag. Difor må ein slik auke føre til reduksjon andre stader. Når det gjeld eit sentrumsnært tilbod innan ID, kan det

ha potensiale for å rekruttere elevar som i dag vel eit privat skuletilbod innan dette utdanningsprogrammet. Det vil uansett vere ein føresetnad at ein ikkje aukar totalkapasiteten innan ID.

Totalkapasiteten på RM må reduserast, fagmiljøet bør samlast, og eksisterande bygg må utnyttast betre. Lokala til RM på Årstad er ikkje rehabilitert. Fylkesrådmannen ser det difor som rett å leggje ned tilbodet framfor ei investering i nye lokale sidan tilstrekkeleg kapasitet allereie er tilgjengeleg.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Bergen Sentrum

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE	YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar			
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID		KDA	ST	
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs		20								135							720	1 025
	Bergen Katedralskole	50																648	698
	Bergen maritime vgs																		0
	Årstad vgs	50	62		165	105	360					150	60				90	180	1 222
																			2 945

- Dei maritime fagtilboda på vgs-nivå vert flytta frå Nedre Nygård til Laksevåg vgs hausten 2020
- Bergen Maritime vgs vert lagt ned hausten 2020

Region Bergen Sør

Alternativ 1 er basert på ei vidareføring av vedtatt skulestruktur for regionen.

Av tabell 6.5 *Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring*, går det fram at større delar av Slåtthaug vgs vert rehabilitert i 2023. Langhaugen får nytt bygg for musikk og kroppsøving i 2022.

Høyringsuttalane som er komne inn for regionen, dreiar seg om å styrkje og auke dimensjoneringa av fagtilboda og trong for nybygg og rehabilitering av undervisningsbygg. Det er òg kome innspel på for høg dimensjonering i høve til eksisterande bygg (*sjå vedlegg 3*).

Totalkapasiteten i regionen er dekkande fram mot 2030 både innan yrkesfag og studieførebuande fag, men i Stor-Bergen er det ein overkapasitet. Det er difor frå fylkesrådmannen si side viktig å peike på at ein auke i kapasiteten i sør vil måtte føre til ytterlegare reduksjon i kapasiteten andre stader. Sjølv om ein på nokre av skulane ut frå søkjartal isolert sett har grunnlag for å auke elevtalet, er det allereie eksisterande kapasitet for desse elevane. Det er difor ikkje tilrådd nybygg i regionen ut over det som er foreslått ved Langhaugen vgs og Slåtthaug vgs.

Kapasiteten som er foreslått i høyringsforslaget på Nordahl Grieg vgs, er truleg for høg i forhold til eksisterande bygg. Fylkesrådmannen tilrår difor at dimensjoneringa på HO vert redusert og auka tilsvarande på Slåtthaug vgs. Slåtthaug vgs vil kunne ta mykje av denne auken i eksisterande bygg, og ein eventuell trong for auke i areal må vurderast i samband med planlagt rehabilitering av skulen, som skal ferdigstillast i 2026.

Nordahl Grieg vgs er, og skal halde fram med å vere knutepunktskule for døve- og høyrselshemma elevar. Det vert peika på at døve- og høyrselshemma elevar bør kunne ha eit tilbod om PB ved skulen. Innan fleire av yrkesfaga har Nordahl Grieg vgs eit velfungerande samarbeid om døve- og høyrselshemma elevar med Slåtthaug vgs. Det er heller ikkje stor skilnad i talet på elevar knytt mot knutepunktfunksjonen ved dei to skulane. Når ein ønskjer å samle påbyggtilbodet på ein skule, vil det difor ikkje vere stor skilnad på kor mange elevar som eventuelt må skifte skule. Sett i høve til det eksisterande samarbeidet om knutepunktelevane, vurderer fylkesrådmannen det som ei god løysing å samle PB på Slåtthaug vgs.

Tilbodet for minoritetsspråklege i regionen vert foreslått samla på Nordahl Grieg vgs

På Sandsli vgs legg ein opp til å samle eit breitt fagmiljø innan RM for store delar av fylket og samtidig få ei god utnytting av eksisterande RM-lokale ved skulen. Ei slik samling av fagmiljøet på ein skule gjer til dømes at elevane får innblikk i alle fagområda innan utdanningsprogrammet.

Ved Austevoll vgs er skulebygga i god stand. Lang reiseveg frå Austevoll til dei næraste alternative skulane er også eit viktig argument for ei vidareføring av skulen.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Bergen Sør:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE			YRKESFAG							STUDIEFØREBUANDE						Elevplassar		
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		ST	
BERGEN SØR	Austevoll vgs		4				15	45										30	139
	Langhaugen vgs																	450	630
	Nordahl Grieg vgs	50	16				135						180					630	1 011
	Sandsli vgs		10						165									450	625
	Slåtthaug vgs		12	135		135	180					165	90						717
	Slend vgs		88						120		90					180			478
																		3 600	

- Større rehabilitering og ei eventuell mindre utbygging av Slåtthaug vgs er planlagt slutført i 2023.
- Langhaugen vgs får nytt bygg for kroppsøving og musikk slutført i 2022

Region Bergen Vest

I alternativ 1 vert det foreslått å leggje ned ST, PB og MK ved Laksevåg vgs.

Av tabell 6.5 *Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring*, går det fram at A-bygget ved Laksevåg vgs vert avvikla og dei studieførebuande utdanningsprogramma vert lagt ned i 2018.

Høyringsuttalane som er komne inn, dreiar seg om Laksevåg vgs og Olsvikåsen vgs. Uttalane om Laksevåg vgs er innvendingar mot å leggje ned det studieførebuande tilbodet ved skulen. For Olsvikåsen vgs er det innvendingar mot at utdanningsprogram er foreslått lagt ned og innvendingar mot at Olsvikåsen vgs er drøfta som alternativ i forhold til å redusere totalkapasiteten innan studieførebuande fag. (sjå vedlegg 3)

Dimensjoneringa i region Vest må ein sjå i samheng med Bergen Sentrum og region Askøy og region Sotra. Hovudutfordringa er at regionen har overkapasitet, og særleg gjeld dette ST. På Askøy og Sotra er det ei reell underdekning av elevplassar, slik at ein er avhengig av at nær halvparten av elevgrunlaget nyttar seg av tilbod i ein annan region. I hovudsak vel desse elevane tilbod i Bergen Vest eller Bergen sentrum.

På bakgrunn av dette ser fylkesrådmannen det som naudsynt å redusere kapasiteten i Bergen Vest.

Fylkesrådmannen tilrår difor at det studieførebuande fagtilbodet på Laksevåg vgs vert lagt ned. Dette frigjer det gamle gymnasbygget ved skulen som treng monaleg oppgradering.

Eit alternativ til å leggje ned det studieførebuande fagtilbodet på Laksevåg vgs kan vere å leggje ned alle tilboda ved Olsvikåsen vgs. Denne skulen har eit nytt og funksjonelt bygg og vil ikkje krevje større oppgradering på lang tid framover. I tillegg fungerer skulen i mykje større grad som nærskule for elevane i det geografiske nærområdet enn det Laksevåg vgs gjer. Ein stor del av elevane busett i Laksevåg bydel vel i dag tilbod utanfor eigen bydel. Omkring 2/3 av elevane i offentleg skule med bustadadresse Laksevåg (postnummer 5160 til 5165) nyttar i dag utdanningstilbod ved andre skular enn Laksevåg vgs.

Vel ein å oppretthalde kapasiteten i Bergen Vest, vil det ikkje vere grunnlag for planlagt kapasitetsutviding på Askøy og Sotra. Dette vil innebere at minst like mange elevar som i dag kvar dag må reise inn til Bergen

for å gå på skule. Askøy og Sotra er regionale senter med eit stort befolkningsgrunnlag. Ei slik løysing vil stri mot utvikling av regionale senter med store og breie skuletilbod.

Laksevåg vgs er tilrådd plassering for det maritime fagtilbodet frå Bergen Maritime vgs. Dette endrar ikkje dimensjoneringa på skulen, men vil ha innverknad på programfaga skulen kan tilby.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Bergen Vest:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
BERGEN VEST	Fyllingsdalen vgs		8				120										360	668
	Laksevåg vgs		60	105		45												330
	Ølsvikåsen vgs		40				105									90	360	595
																		1 593

- Det studieførebuande tilbodet ved Laksevåg vgs vert avvikla hausten 2018.

Alternativ tilråding:

- Ølsvikåsen vgs vert avvikla hausten 2018.

Region Askøy

Alternativ 1 er basert på ei vidareføring av vedtatt skulestruktur for regionen.

Av tabell 6.5 *Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring*, går det fram at Askøy vgs vert noko rehabilitert og får tilbygg i 2022.

I hovudsak er høyringsuttalane som er komne inn, i tråd med fylkesrådmannen sitt forslag. Det vert peika på trongen for at fleire elevar skal få eit skuletilbod i eigen region, og at det er ønskjeleg å setje i gang tiltak raskare enn det som er lagt til grunn i høyringsforslaget (*sjå vedlegg 3*).

Både ut frå kriteria om sterke og breie skuletilbod i regionalsentra og av miljøomsyn, ser fylkesrådmannen det som viktig at ein høgare prosentdel av elevane som er heimehøyrande i regionen, skal få skuleplass i regionen.

Skulen har stor trong for utviding, oppgradering og rehabilitering, og Askøy vgs er det byggjeprojektet som vert prioritert først etter dei prosjekta som alt er i gang.

Dersom kapasiteten ikkje vert redusert i Bergen Vest og Bergen Sentrum, vil det ikkje vere grunnlag for den planlagde kapasitetsutvidinga på Askøy vgs.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Askøy:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
ASKØY	Askøy vgs		28	105		60	120										540	958
																		958

- Større rehabilitering og ei utbygging av Askøy vgs er planlagt slutført i 2022.

Region Sotra

Det ligg ikkje føre forslag om endringar i skulestruktur i rullert skulebruksplan. Skulen vert samlokalisert på Bildøy/Straume.

Av tabell 6.5 *Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring*, går det fram at Sotra vgs avdeling Sund vert avvikla og erstatta av ny skule på Straume/Bildøy. Ny skule etablert i kollektivknutepunkt på Straume/Bildøy i 2024.

I hovudsak er høyringsuttalane som er komne inn, i tråd med fylkesrådmannen sitt forslag. Det vert peika på trongen for eit samla skuletilbod, at fleire elevar skal få eit skuletilbod i eigen region, og at det er ønskeleg å setje i gang tiltak raskare enn det som er lagt til grunn i høyringsforslaget (*sjå vedlegg 3*).

Fylkesrådmannen ser det som svært viktig at region Sotra får eit nytt og oppdatert skulebygg som samlar undervisningstilbodet på ei sentralt plassert tomt i tilknytning til kollektivknutepunkt. Det er tenleg for regionen at skulen vert dimensjonert slik at fleire elevar i regionen kan gå på skule i eigen region. Vidare skal fylkeskommunen gå i dialog med andre aktørar som kommunar, høgskule og næringsliv slik at etablering av ny skule vert sett i samanheng med regionsenterutvikling på Sotra. Endeleg plassering av skulen må avgjerast etter at traséen til Sotrasambandet er avklart.

Dersom kapasiteten ikkje vert redusert i Bergen Vest og Bergen Sentrum, vil det ikkje vere grunnlag for den planlagde kapasitetsutvidinga på Sotra vgs.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Sotra:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE					Elev- plassar		
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		ST	
SOTRA	Sotra vgs		32	45	45	75	120			60		105				90		540	1 112
																			1 112

- Ny skule blir etablert i tilknytning til kollektivknutepunkt på Straume/Bildøy i 2024.
- Avd Sund vert avvikla/selt når den nye skulen vert teken i bruk.

Region Os/Fusa

Det ligg ikkje føre forslag om endringar i skulestruktur i rullert skulebruksplan.

Det ligg ikkje føre bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring i regionen.

Høyringsuttalane for regionen er først og fremst merknader til korleis utdanningstilboda er presentert i høyringsforslaget. Når det gjeld Os vgs, vert det òg uttrykt trong for ny bygghall i samsvar med tidlegare vedtak (*sjå vedlegg 3*).

Etableringa av ny bygghall ved Os vgs blir i perioden vurdert opp mot midlane som er til rådvelde til mindre ombyggingstiltak.

Fylkesrådmannen vurderer at ein på sikt må vurdere ein samla skule i Os. Begge skulane er funksjonelle og har god kapasitet. Ei slik investering vert difor ikkje prioritert i planen.

Det vert planlagt med at Os vgs skal oppretthalde sitt noverande landslinjetilbod.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Os/fusa:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elev-plassar			
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST				
OS - FUSA	Fusa vgs		5				60	30	30			75	30				90				320
	Os gymnas																			360	626
	Os vgs		11	120		75	120				120	180									1 306

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering eller nybygg
- PB vert auka til 30 (justering i forhold til TAF)

Region Sunnhordland

I alternativ 1 blir det foreslått å leggje ned Fitjar vgs og Rubbestadnes vgs.

Av tabell 6.5 *Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring*, går det fram at Stord Vabakkjen vert rehabilitert og noko utvida i 2022. Rubbestadnes vgs og Fitjar vgs «vert avvikla når ny/rehabilitert skule på Stord opnar».

Regionen er dimensjonert med ein monaleg overkapasitet innan yrkesfaga, og den samla kapasiteten må reduserast. Det er òg naudsynt å samle fagtilboda og redusere talet på skular i regionen.

Eit reelt alternativ vil vere å samle skuletilbodet i regionen til regionsenteret Leirvik. Løysinga som er lagt fram i høyringsforslaget, er å samle størstedelen av yrkesfaga og det studieførebuande tilbodet på Leirvik, leggje ned Fitjar vgs og Rubbestadnes vgs og halde på eksisterande tilbod innan HO og ST på Bømlo vgs.

Både når det gjeld Fitjar vgs og skulane på Bømlo, er det kome sterke innvendingar mot høyringsforslaget (sjå vedlegg 3). Begge stadene er ein bekymra for konsekvensane fylkesrådmannen sitt forslag har for lokalmiljø både i høve til arbeidsplassar og fritidstilbod. I forhold til skulen på Fitjar er det kome fleire innspel som peikar på høg trivsel blant elevane og eit trygt og godt læringsmiljø som tek vare på den einskilde elev. I tillegg er ein kritisk til Fylkesrådmannen si vurdering av tilstanden på skulebygga. Tilstandsvurdering utført i 2016 viser at hovudbygget på Fitjar vgs har trong for vesentleg oppgradering i åra som kjem.

På Bømlo er det lokale næringslivet tydeleg på at ei flytting av yrkesfaga på Rubbestadneset vil kunne svekke eit svært godt samarbeid mellom skule og næringsliv. Fylkesrådmannen vurderer det slik at ei samling av fagtilboda på Leirvik vil skape sterke og robuste fagmiljø som vil verte ein solid leverandør av arbeidskraft til næringslivet i heile regionen.

Yrkesfagdelen på Stord vgs og Rubbestadnes vgs har stor trong for rehabilitering når det gjeld bygga generelt og verkstadene til dei tunge yrkesfaga. Det vil krevje ei vesentleg større investering å ruste opp begge stadene enn å samle fagtilbodet på Stord vgs. Ei samling av fagtilbodet gir ei betre utnytting av areal og kostbart undervisningsutstyr.

Bømlo vgs er i relativt god byggteknisk stand, og det er ikkje større trong for bygningsmessige investeringar. Dersom det er aktuelt å halde på meir av yrkesfaga på Bømlo, kan eit alternativ til fylkesrådmannen sitt forslag vere å utvide tilbodet på skulen med EL. Overordna arealanalyse viser at det då vil kunne vere plass til 60 studieplassar på EL når ein samtidig held fast på dimensjoneringa innan HO og ST som i forslaget. Dette vil gjere det naudsynt med tilpassingar i bygget, men det vil ikkje vere trong for tilbygg. Ein føresetnad for ei slik løysing vil vere at kapasiteten på Stord vgs vert redusert tilsvarende og at fagtilbodet på skulane vert innretta slik at dei i minst mogleg grad konkurrerer med kvarandre.

Stord vgs vil verte ein stor skule med over 1300 elevar. Praktisk sett er det fullt mogleg å organisere dette som to skular. Fylkesrådmannen ser det førebels som mest tenleg at skulen vert oppretthalde som ei eining med felles leing.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Sunnhordland:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar	
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		ST
SUNNHORDL.	Bømlo vgs						90										180	270
	Rubbestadnes vgs																	0
	Fitjar vgs																	0
	Stord vgs	35	62	60	30	150	120		30	45	120	60	90	90	90		360	1 342

- Stord Vabakkjen vert rehabilitert og noko utvida i 2022.
- Rubbestadnes vgs og Fitjar vgs vert avvikla/selde når ny/rehabilitert skule på Stord opnar.

Region Odda

Det ligg ikkje føre forslag om endringar i skulestruktur i rullert skulebruksplan, men det er framlegg om endring i tilbodsstrukturen ved at Idrettsfaget vert lagt ned og TIP vert redusert med ein klasse.

Det ligg ikkje føre bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring i regionen.

Høyringsuttalane som er levert, tek opp at TIP og BA er for lågt dimensjonert i høve til næringslivet sin trong for arbeidskraft. Det er og innvendingar mot nedlegging av ID (*sjå vedlegg 3*).

Samanlikna med dei fleste andre regionane i fylket skil Odda vgs seg ut med at ikkje finst andre skular innanfor relativt kort reiseavstand til skulen. Skulen har eit oversiktleg elevgrunnlag, og det er lita uvisse knytt til rekrutteringsgrunnlaget.

For ein skule som Odda vgs er det naturleg at det er større grad av fleksibilitet til å tilpasse seg elevane sitt søkjemønster og næringslivet sitt behov enn andre skular, der det er naturleg å ta omsyn til eit større område både i forhold til rekruttering og fagtilbod. Dersom ID vert lagt ned som utdanningsprogram, kan skulen likevel gje tilbod om idrett som valfritt programfag på ST.

Det er ikkje tvil om at Odda har ein særigein industri som det er viktig at skulen er ein stabil leverandør av arbeidskraft til. Når det gjeld studieførebuande fag, bør dimensjoneringa representere eit rom for fleksibilitet som uansett finst i eksisterande bygg. Det er ikkje foreslått endringar i bygga på skulen. Fylkesrådmannen vurderer det difor slik at det er rett å auke noko på dimensjoneringa innan ST og TIP på skulen i høve til høyringsforslaget.

Det vert planlagt med at Odda vgs skal oppretthalde sitt landslinjetilbod innan TIP (Smed).

Fylkesrådmannen si tilråding for region Odda:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE					Elev-plassar	
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA		ST
ODDA	Odda vgs	10	12	15		30	30				60						180	337
																		337

- Det er ikkje planlagt større rehabilitering utover pågåande rehabilitering av yrkesfagbygget
- ID-tilbodet vert lagt ned

- Ny skule planlagt ferdigstilt i 2026. Ny skule i Kvam erstattar noverande undervisningslokale i Norheimsund og Øystese, som vert avvikla.

Region Voss

I alternativ 1 blir det foreslått å leggje ned Hjeltnes vgs og at tilbodet vert flytta til Voss vgs og Voss gymnas. Voss vgs avdeling Granvin vert lagt ned når nye Voss vgs vert tatt i bruk.

Nye Voss vgs vert tatt i bruk hausten 2016. Nye Voss gymnas vert tatt i bruk våren 2017, medan det gamle landsgymnasbygget vert tatt i bruk frå årsskiftet 2017/2018 etter rehabilitering.

I hovudsak er høyringsuttalane som er komne inn, i tråd med fylkesrådmannen sitt forslag. Det vert peika på at areal, frukt- og planteressursane ved Hjeltnes vgs er av ein slik kvalitet at det er uheldig å leggje ned det vidaregåande tilbodet (*sjå vedlegg 3*).

Elevgrunnlaget til det vidaregåande skuletilbodet på Hjeltnes er for lågt til at vidare drift kan forsvarast. Under planlegginga av dei nye skulane på Voss har tilsette og fagtilbodet ved Hjeltnes vgs i heile prosessen vore sett i samanheng med etablering av dei nye skulane på Voss. Dette inneber at det vidaregåande tilbodet som no er på Hjeltnes vgs, vert flytta til Nye Voss vgs og Nye Voss gymnas hausten 2017. Tilbodet innan DH (blomsterdekoratør) vert lagt til Voss gymnas, medan tilbodet innan NA (anleggsgartnar- og idrettsanleggsgfag) vert lagt til Nye Voss vgs.

Nye Voss vgs vil ha gode føresetnader for å gi eit svært godt tilbod innan NA (Anleggsgartnar og idrettsanleggsgfag). Skulen har begge utdanningsprogramma som rekrutterer til faget, NA og BA. Dette styrkar NA på skulen, og elevane får betre høve til å velje. På skulen er det gode uteareal, og det er allereie ein stor og relevant maskinpark. Med Hordaland som målestokk har Voss ein unik tilgang på idrettsanlegg retta både mot sommar- og vinteraktivitet. Dette er eit lite programfagtilbod. Voss har ein geografisk posisjon i Hordaland og dessutan gode tog- og buss-samband som gir eit godt utgangspunkt for å rekruttere elevar frå heile fylket.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Voss:

- Skuletilbod og dimensjonering av fagtilbod som vist i tabell under:

REGION	SKULE	YRKESFAG										STUDIEFØREBUANDE						Elevplassar
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST	
VOSS	Hjeltnes vgs																	0
	Nye Voss gymnas*	20			45		60			30		45		45	135	90	180	650
	Nye Voss vgs*		20	45		30		135	30		75							335
																		985

- Hjeltnes vgs vert lagt ned, og tilbodet vert flytta til Voss vgs og Voss gymnas frå hausten 2017.

Region Etne/Sveio

I alternativ 1 vert det foreslått å leggje ned Etne vgs.

Av tabell 6.5 Bygningsmessige tiltak som følgjer av strukturendring, går det fram at Hordaland fylkeskommune etablerer ein avtale med Rogaland fylkeskommune/Ølen vidaregåande skule om drift av opplæringstilbodet i Etne.

Høyringsuttalane frå regionen viser klare innvendingar mot at Etne vgs vert foreslått lagt ned og at noverande undervisningslokale i Tesdal vert foreslått selt. Samstundes er uttalane i stor grad positive til ein felles samanslått skule i området (*sjå vedlegg 3*). Det verkar difor som det er avgjerande korleis samanslåinga vert gjennomført og korleis fagtilboda kan vidareførast.

Både med tanke på elevgrunnlag, geografisk avstand og fagleg breidde vil det beste grunnlaget for eit berekraftig skuletilbod over tid vere *ein* vidaregåande skule i regionen. Ut frå skulestorleik er det naturleg at skuleigar for denne skulen er Rogaland fylkeskommune. Rogaland fylkeskommune har i sin høyringsuttale stilt seg positiv til å ta imot elevane frå Etne.

Det er sett i gang arbeid med å leggje til rette for ei best mogleg vidareføring av fagtilbod og ivaretaking av tilsette og elevar Jf politisk sak Fylkesutvalet 13.05.14 (PS 126/14). Fylkesrådmannen følgjer dette opp i eiga politisk sak.

Fylkesrådmannen si tilråding for region Etne/Sveio:

- Skuletilbodet i Etne vert samordna med tilbodet i Ølen i ein felles vidaregåande skule, lokalisert ved Ølen vgs, med Rogaland fylkeskommune som skuleeigar. Lokala i Tesdal vert ikkje selde så lenge dei vert nytta av Rogaland fylkeskommune.

Oppsummering

Fylkesrådmannen tilrår ein samla skule- og tilbodsstruktur som vist i tabell under:

REGION	SKULE			YRKESFAG								STUDIEFØREBUANDE						Elev- plassar	
		AO	TO	BA	DH	EL	HO	NA	RM	SS	TIP	PB	MK	MD	ID	KDA	ST		
NORDHORDL.	Austrheim vgs	-	48	105	75	60	120					135	120					360	0
	Knarvik vgs																		1 023
ARNA REGION	Arna/Garnes vgs		8	60			60							90				90	308
	Osterøy vgs		12			30	30					60						90	222
BERGEN NORD	Åsane vgs	50	60	120		90	210				105	90				180			995
	Tertnes vgs																630		630
BERGEN SENTRUM	Amalie Skram vgs		20							135		60	90					720	1 025
	Bergen Katedralskole	50																648	698
	Bergen maritime vgs																		0
	Årstad vgs	50	62		165	105	360					150	60			90	180		1 222
BERGEN SØR	Austevoll vgs		4				15	45				45						30	139
	Langhaugen vgs													180	180			450	630
	Nordahl Grieg vgs	50	16				135						180					630	1 011
	Sandsli vgs		10						165									450	625
	Slåtthaug vgs		12	135		135	180					165	90						717
	Stend vgs		88					120			90					180			478
BERGEN VEST	Fyllingsdalen vgs		8				120										360		668
	Laksevåg vgs		60	105		45						120			180				330
	Olsvikåsen vgs		40				105									90	360		595
ASKØY	Askøy vgs		28	105		60	120					105					540		1 593
SOTRA	Sotra vgs		32	45	45	75	120		60			105				90	540		958
OS - FUSA	Fusa vgs		5				60	30	30			75	30			90			1 112
	Os gymnas																	360	320
	Os vgs		11	120		75	120				120	180							626
SUNNHORDL.	Bømlo vgs						90											180	1 306
	Rubbestadnes vgs																		270
	Filtjar vgs																		0
	Stord vgs	35	62	60	30	150	120		30	45	120	60	90	90	90		360		1 342
KVINNHØRAD	Kvinherad vgs	10	16	45		30	60					45	30				180		1 612
ODDA	Odda vgs	10	12	15		30	30					60					180		416
KVAM	Ny Kvam vgs	10	12			30	30					30					180		337
VOSS	Hjeltnes vgs																		753
	Nye Voss gymnas*	20		45			60			30		45		45	135	90	180		292
	Nye Voss vgs*		20			30		135	30			75							292
ETNE - SVEIO	Etne vgs																		0
	Sum	285	646	960	360	945	2 145	330	315	525	1 560	585	450	495	675	360	7 698		18 334

Kommentar til tabell: TAF Vg3 og Vg4 er dimensjonert som PB, gjeld Knarvik vgs og Fusa vgs

Tidsplan/gjennomføring

Fylkesrådmannen tilrår eit årleg investeringsnivå på omlag 500 mill. kr for utdanningssektoren. Dette er eit investeringsnivå om lag 20 % lågare enn investeringsnivået dei siste åra. Med tanke på den gjeldsgraden fylkeskommunen har, er det avgjerande at dette nivået ikkje vert overskride.

Basert på vurderingar i forhold til byggteknisk standard, kapasitetstrong og årleg investeringsnivå tilrår fylkesrådmannen ei prioritering av tiltak og tid for gjennomføring etter tabellen under:

Skule	Tiltak	Tiltak	
		Blir avvikla	Blir opna
Nye Voss gymnas	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2017
Tertnes vgs	Gjennomføring av vedtatt programmering		2018
Bergen Katedralskole	Gjennomføring av vedtatt forprosjekt		2018
Nye Åsane vgs	Gjennomføring av vedteke programmering		2020
Odda vgs	Gjeld rehabilitering av bygg for yrkesfag. Blir investeringsprosjekt frå 2017.		2018
Etnes vgs	Kommunen overtar bygg i 2023. Bygg på Tesdal vert selt 2017	2017	
Hjeltnes	Usikker bruk. Ingen investering eller sal av bygg teke med	2017	
Laksevåg vgs, A-bygget	A-bygget kan seljast, men vinst av sal ikkje teke med då funksjonar må flyttast til B- bygget	2018	
Austrheim vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2020	
Lønborg vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2020	
Olsvikåsen	Held på bygget dersom SF og A-bygget ved Laksevåg blir lagt ned		
Askøy vgs	Delvis rehabilitering av 50 %. Utviding 20 %		2022
Langhaugen skole	Nytt bygg for kroppsøving og musikk.		2022
Slåtthaug	Delvis rehabilitering av 70 % av arealet		2023
Årstad vgs	Innomhus rehabilitering av C-bygget.		2025
Fitjar	Vert selt 2 år før nedlegging	2022	
Rubbestadneset	Vert selt 2 år før nedlegging	2022	
Stord vgs, Vabakkjen	Eksisterande verkstader vert rehabilitert og utvida. Klasseromsbygg vert delvis rehabilitert.		2022
Stord vgs, Saghaugen	Avgrensa tiltak i samband med samanslåing		2022
Sotra vgs, Bildøy	Vert selt 2 år før nedlegging	2024	
Sotra vgs, Sund	Vert selt 2 år før nedlegging	2024	
Nye Sotra vgs	Etablere ny skule i kollektivknutepunkt Straume/Bildøy		2024
Knarvik vgs, Kvernhusmyrane	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Knarvik vgs, Juvikstølen	Tilbygg for å dekke utdanningsprogram som er på Kvernhusmyrane.		2026

Norheimsund vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Øystese gymnas	Vert selt 2 år før nedlegging	2026	
Nye Kvam vgs	Ny skule		2026
Arna vgs	Vert selt 2 år før nedlegging	2027	
Garnes vgs, Tunes	Vert avvikla innan 2017 og vert selt	2017	
Garnes vgs, Garneshøgda	Vert selt 2 år før nedlegging	2027	
Nye Arna vgs	Ny skule		2027

Når det gjeld tidspunkt for gjennomføring av prosjekta på Knarvik og Sotra, heng desse saman med planlagde vegprosjekt. Dette gjeld ny trasé for E39, som kan påverke bygningane på Kvernhusmyra, og det gjeld nye Sotrasambandet som vil ha innverknad på plassering av kollektivknutepunkt.

Vedlegg:

1. [Høyringsforslag rullering skulebruksplan 2017 - 2030](#)
2. [Høyringsuttalar \(slik dei er levert\)](#)
3. Samandrag høyringsuttalar
4. Reisetidsanalyse (AUD-rapport nr. 4-16)
5. Notat personalhandtering - omstilling